



# SAMLEREKNING MEDISINSK BEHANDLING

## Legevaktoppgjjer

Ein skal skrive eiga samlerekning for kommunalt organisert legevakt.

## Månadsoppgjjer

Ei samlerekning skal berre omfatte krav om oppgjjer for éin månad.

## Rekningane skal sorterast slik:

- **Konsultasjonar/behandingar**, sortert alfabetisk (etter etternamnet til pasienten)
- **Sjukebesøk/heimebehandling**, sortert etter dato.  
(Rekningar for ein besøksrunde, skal heftast saman)
- **Legeerklæringar**, sortert alfabetisk
- **K-takstar**, sortert alfabetisk

## Eigendelar – pasient

Gjeld eigendelar betalt av pasienten. Sjå til at beløpet ikkje blir tatt med ved summering av samla krav.

## Eigendelar - frikort

Gjeld eigendelar som skal refunderast av folketrygda. Sjå til at beløpet ikkje blir tatt med under *Medisinsk behandling*.

## Medisinsk behandling

Beløpet som skal førast opp er samla krav om refusjon for medisinsk behandling (ikkje reisetillegg). Eigendelar for personar med frikort skal ikkje førast her, men under *Eigendelar – frikort*.

## Reisetillegg

Reisetillegg skal reknast ut for samla reisetid, fråtrekt den tid som går med til undersøking og behandling av pasienten. (Ved reise til fleire pasientar, skal reisetillegget vere ført på rekninga for siste besøk.)

## Underskrift

Samlerekning skal vere underskriven.

## Forelding

Krav mot trygda blir forelda seks månader etter at fordringa kom opp (folketrygdloven § 22-2).

Samlerekninga skal sendast til HELFO.